




Brandasund har ei lang historie som handels- og gjestgjevarstad. Gjennom tusen år har den lune og gode hamna lege sentralt i den ytre leia langs kysten.

Brandasund has a long history as a trading and lodging venue. The excellent sheltered harbour has played a central role in life along the outer coast line in this area for over a thousand years.



Brandasund.

Foto: Tor Resser

Route and places of interest

The name Brandasund is probably derived from the tradesman Jacob Brandt who lived here around 1660. During the great herring era during the 1700 and 1800's, Brandasund was full of life and vitality.

You can see buildings standing as silent monuments of the abundant herring years, when the sea provided the source of good living for the local inhabitants.

Terrain: Footpath, slack incline, steps up the final ascent. Return to the parking lot and follow the road to the centre

Time: About 1.5 hours

Start: The car park near Brandasundsåto

Starting at the parking lot follow the road further to the sign to Brandasundsåto. Take the footpath to the right, approx. 20 minutes each way. The first section is easy, open terrain, later

an incline and steps up the final ascent. Near the bottom of the steps you will find an adobe hut which was used by German soldiers during World War II.

Brandasundsåto has been a look-out post and signal station since World War I. Views from the summit:

Northwest: Slåtterøy Lighthouse, designed in 1858 by the Lighthouse Director Carl Frederik Diriks and built in 1859. One of the few lighthouses in the country that are still manned. The Norwegian National Trust wishes to add the building to its preservation list.

North: Stolmen, Selbjørn, the mountains of Bergen, Rekstern and Tysnes.

Southwest: Siggjo (See walk 13 A).

« They say that you can see the English coast in clear weather »

Take the same pathway back to the road and turn right to the centre and the harbour.

The dam and lake you can see on the right hand side of the road was dammed to provide power for the canning factory. An electricity generating plant was built on the island in 1917. The plant supplied the whole of Brandasund with hydro-electric power.

The inhabitants of the area were among the lucky few that had electric power in those days. Nowadays the lake is the local source of drinking water.

Rute og ymse av interesse

Brandasund fekk truleg namnet etter handelsmann Jacob Brandt som budde her kring 1660. I den store sildeperioden på 1700- og 1800-talet var Brandasund eit livskraftig sentrum.

Vi får sjå bygningar som står som trauste monument og vitnar om storheitstida som la livsgrunlaget for folka her ute

Terrang: Sti, svak stigning, siste del trappetrinn opp til toppen. Retur til parkeringsplass. Deretter veg til sentrum.
Tid: Ca. 1 1/2 time.

Start: Parkeringsplassen ved oppgangen til Brandasundsåto.

Stien til Brandasundsåto går gjennom nedslagsfelt til drikkevatt, så urein ikkje området.

Frå parkeringsplassen følgjer vi vegen eit lite stykke vidare til skilt merka Brandasundsåto. Følg stien til høgde, ca. 40 min. tur/retur. Første delen lett og ope terrang, seinare litt stigning med trappetrinn siste delen opp til toppen. Like før trappene, jord gamle som var bustad for tyske soldatar under siste verdenskrig.



Brandasundsåto var alt under første verdenskrig utsiktspost og signalstasjon. Utsikt frå toppen:

Nord/vest: Slåtterøy fyr, teikna i 1858 av fyrdirektør Carl Frederik Diriks, bygt i 1859. Ein av dei få fyrstasjonar i landet som framleis er bemanna. Er no foreslått verna av riksantikvaren.

Nord: Stolmen, Selbjørn, byfjella i Bergen, Rekstern og Tysnes.

Sør/vest: Siggjo (sjå tur 13A).

«Det seiest at ein i klart ver kan sjå like til Englandsnausta».

Vi følgjer same stien tilbake til veggen, og tar til høgre mot sentrum og kaien.

Demning/vatn som ein ser til høgre for veggen, vart demt opp for å få drivkraft til hermetikkfabrikken der turbinen sto og dreiv maskinane. I 1917 vart det bygt elektrisitetsverk på øya. Vannkraft frå denne demninga var nok til lys i alle hus på Brandasund. Det var nok ikkje mange stadar langs kysten ein hadde elektrisk lys den gongen. I dag driskevatn for øya.

Eit stykke vidare tar vi til venstre, på «den gamle veggen» ned mot sentrum. Husa her er:

- (1) Bakaren sitt hus
- (2) Utedo, hørde til handelshuset (privat eiga)
- (3) Smie, bygt 1908
- (4) Stabburloftet/skykje, bygt 1850
- (5) Losjihus
- (6) Bakeriet med bustad oppe, bygt 1907
- (7) Mosesloftet frå tidleg på 1700-talet. Moses Hansen var namnet på borgaren som budde her. Sagnet fortel at han hadde butikk i underetasjen og budde ovanpå.
- (8) Hovudhuset bygt ca. 1600-1700 talet. Huset er bygt i to eller fleire byggjetrinn. Då det i 1860 vart oppretta offentleg telegrafstasjon, vart huset påbygt for å gje plass til stasjonen og telegrafstyraren.
- (9) Hermetikkfabrikken bygt i 1897. Herfrå selde dei fiskeprodukt både til inn- og utland. At fisken kom frå Brandasund var prov på kvalitet. Ein oppnådde å få gullmedalje for hermetikkfabrikkens produkt på ei utstilling. Fabrikkene er no omgjort til serveringsstaden «Fabrikkloftet». I underetasjen er det god gamaldags krambu kor ein blant mykje anna kan få kjøpt nysteikte skillingsbollar og kaffi.
- (10) Forretningsbygg frå 1930. Her var butikk i 1. etasje, lager i 2. etasje og bustad i 3. etasje.
- (11) Gamalt naust kor ein finn Naustvika Ullverkstad og Steinsmie. Her kan ein få kjøpt produkt av ull frå villsau og anna kunsthåndverk.

Ein går så veggen - den nye - attande til parkeringsplassen.

A little further down the road turn left on the «old road» towards the centre. The houses of most interest are:

- (1) The baker's house
- (2) Outside lavatory (Private Property)
- (3) The Blacksmiths, built 1908
- (4) Raised storehouse/outhouse built 1850
- (5) Boarding house
- (6) Bakery with dwelling quarters, built 1907
- (7) The Moses Loft from the 1700's, named after Moses Hansen who once lived here.
- (8) The Main House built between 1600 - 1700 in two or more stages. The house was extended in 1860 to accommodate the new telegraph station
- (9) The canning factory, built in 1897 and trading both nationally and internationally. Fish from Brandasund was proof of excellence and was awarded a gold medal. Now a cafe, and the old shop in the cellar offers a variety of goods as well as newly baked buns and coffee
- (10) A commercial building from 1931.
- (11) An old boat house where Naustvika Wool & Stone Workshops can be found. Souvenirs of wool from wild sheep and other items may be purchased.

Return the way you came, back to the parking lot.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsrad.